

Utval: Samferdselsutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset
Dato: 21.01.2015
Tidspunkt: 10:00-14.45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Atle Kvåle	Medlem	A
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Inger Signe Ulvund	Medlem	FRP
Einar Lutro	Medlem	H
Eli Årdal Berland	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Iril Schau Johansen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Pål Kårbo	Medlem	KRF
Jostein Ljones	Medlem	FL SP/MDG
Tom Skauge	Medlem	FL SV/R

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Gustav Bahus	Leiar	FRP
Alf Helge Greaker	Nestleiar	V
KI 13.45-14.45 Tom Skauge	Medlem	FL SV/R

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Renate Møgster Klepsvik	Gustav Bahus	FRP
Tore Turøy	Alf Helge Greaker	V

Merknader

Ingen varamedlem kunne stille for Tom Skauge kl 13.45-14.45

Val av møteleiar

Både leiar og nestleiar hadde forfall, og utvalet valde samråystes Stein Inge Ryssdal som møteleiar.

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar
Målfrid Vik Sønstabø	Kst dir Skyss
Olav Finne	SVV
Kaisa Banne	SVV
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar

Sakliste

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 1/15	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 2/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 3/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 1/15	Fv 209 Storskaret - Arefjord - status pr januar 2015	2015/120	
RS 2/15	Brev sendt Samferdselsdepartementet/Samferdselskommiteen	2014/24668	
RS 3/15	Vurdering av fotgjengarfelt ved Opedal skule i Ullensvang herad - Svar på oversendingsforslag	2014/23797	
RS 4/15	Ferjesambandene Arsvågen - Moravika, Halhjem og Sandviksvåg	2014/15135	
RS 5/15	Innspel om rasfare i Nærøydalen	2015/85	
RS 6/15	Oversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-2015 - Melding til samferdselsutvalet - A jour 09.01.2015	2014/1017	
RS 7/15	Vedrørende ev. flytting av helikoptertrafikk til Stord.	2014/20311	
RS 8/15	Det beste veg alternativet mellom Aust og Vest	2014/17663	
RS 9/15	Status for reklamefinansiert kollektivtransport, ref. sak 89/13 i Fylkestinget	2014/1328	
RS 10/15	Oversendingsforslag - status for hydrogenfyllestasjoner	2014/21132	
RS 11/15	Oppstart av prosjekt Fv 158 - Grindavoll - Lepsøy	2015/102	
RS 12/15	Kontaktutval for Hordfast - Referat frå møte 5. desember 2014	2014/15115	
RS 13/15	Obligatorisk bombrikke i Norge	2014/23930	
RS 14/15	Oversendingsforslag - redaksjonelle endringar i RTP handlingsprogram 2015 - 2017	2015/76	
PS 4/15	Fråsegn til planprogram for - Kommunedelplan for kollektivsystemet mellom Bergen sentrum og Bergen vest - reguleringsplan for Bybanen sentrum - Fyllingsdalen	2014/24094	
PS 5/15	Regional plan for areal- og transport på Haugalandet - vedtak om høyring	2014/1512	
PS 6/15	Nordhordlandspakken AS - søknad om driftsmidlar for 2015	2014/166	
PS 7/15	Handlingsprogram 2015-2018 Kollektivstrategi for Hordaland	2014/278	
PS 8/15	Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel	2015/7	
PS 9/15	Kontroll av driveplikta	2014/381	
PS 10/15	Nye ferjeanbod i Hordaland - strategiske vegval	2014/19309	
PS 11/15	Endring av transportvedtekter	2015/189	
PS 12/15	Fv 550 Kråkevik - Syreflot - ferdigstilling av planarbeid	2014/19360	
PS 13/15	Ymse		

PS 1/15 Godkjenning av innkalling og saksliste**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015**

Vedtak

Innkallinga og saklista vert godkjent.

PS 2/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Vedtak

Møtebøka frå møte den 12. november 2014 vart godkjent.

PS 3/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Vedtak

RS 1/15 Fv 209 Storskaret - Arefjord - status pr januar 2015

RS 2/15 Brev sendt Samferdselsdepartementet/Samferdselskommiteen

RS 3/15 Vurdering av fotgjengarfelt ved Opedal skule i Ullensvang herad - Svar på oversendingsforslag

RS 4/15 Ferjesambandene Arsvågen - Moravika, Halhjem og Sandviksvåg

RS 5/15 Oversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-2015 - Melding til samferdselsutvalet - A jour 09.01.2015

RS 6/15 Vedrørende ev. flytting av helikoptertrafikk til Stord.

RS 7/15 Det beste veg alternativet mellom Aust og Vest

RS 8/15 Status for reklamefinansiert kollektivtransport, ref. sak 89/13 i Fylkestinget

RS 9/15 Oversendingsforslag - status for hydrogenfyllestasjonar

RS 10/15 Oppstart av prosjekt Fv 158 - Grindavoll - Lepsøy

RS 11/15 Kontaktutval for Hordfast - Referat frå møte 5. desember 2014

RS 12/15 Obligatorisk bombrikke i Norge

RS 13/15 Oversendingsforslag - redaksjonelle endringar i RTP handlingsprogram 2015 - 2017

RS 14/15 Innspel om rasfare i Nærøydalen

PS 4/15 Fråsegn til planprogram for - Kommunedelplan for kollektivsystemet mellom Bergen sentrum og Bergen vest - reguleringsplan for Bybanen sentrum - Fyllingsdalen

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at arbeidet med ein kommunedelplan for kollektivsystem

mellan Bergen sentrum og Bergen vest startar opp.

- Fylkeskommunen tilrår planprogrammet.
 - Fylkeskommunen ber om at nabokommunane i vest også blir trekt inn i analysar og planarbeidet.
 - Kommunedelplanarbeidet må i tidleg fase leggje vekt på å avklare behov for areal i sentrum til Bybanen, strekning Sentrum til Fyllingsdalen via Mindemyren.
 - Det må leggast vekt på potensiale for byutvikling i tilknyting til dei ulike korridorar.
 - Utgreiinga bør vurdere korleis landskap og kulturminne vert påverka, og i særleg grad gjeld dette Bergen sentrum.
2. Hordaland fylkeskommune legger vekt på kontinuerlig utbygging og støttar oppstart av reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen.
3. Planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen. Hordaland fylkeskommune støtter val av trase til Fyllingsdalen via Haukeland og Mindemyren, og er samd i silinga som er vist i planprogrammet.
4. For delstrekning Nonneseter – Mindemyren ber vi om at følgjande vert vektlagt:
- Funksjonen til Bergen busstasjon som nasjonalt knutepunkt.
 - Haukeland universitetssjukehus som målpunkt og bytepunkt
 - Jernbanen sitt areal langs delstrekninga
 - Senterutvikling.
 - Traséalternativa kan kome i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser på delstrekninga frå Fløen til Haukeland og planarbeidet må legge særleg vekt på utforminga av traséen.
5. For delstrekning Mindemyren – Fyllingsdalen ber vi om at følgjande vert vektlagt:
- Kollektivterminal ved bydelssenteret må sikrast som kompakt bytepunkt mellom ulike transportmiddel.
 - Planarbeidet må bygge opp under god senterutvikling og samkjøyrast med pågande planarbeid for sentrale deler i Fyllingsdalen.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 22.01.2015

Vedtak

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Tore Turøy sette på vegne av V, FRP, H fram følgjande forslag.

Tillegg til pk. 3

- Bybanen skal knyte Bergen saman og vere ein byutviklar, ikkje berre frakte menneske inn og ut av bykjernen. Den verkeleg store oppgåva som Bybanen må løysa, er korleis vi skal få dei som i framtida kjem til å jobba på Mindemyren, på Haukeland eller i Fana/Ytrebygda til å setje frå seg bilen og bruke kollektivtilbodet til jobb.

Tillegg kulepunkt under pk. 5

- Det er viktig at det gode busstilbodet mellom sentrum og Fyllingsdalen blir oppretthalde når vi får bybane til Fyllingsdalen. Bybanen vil ikkje ta raskaste veg mellom sentrum og Oasen, men derimot knyte Bergen betre saman.

Nytt punkt 6.

Det skal leggjast til rette for gode sykkeltraseer langs heile Bybaneruta. Dette kan vere med å nå målsettinga om minst 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samråystes vedteke.

Tore Turøy sitt forslag vart vedteke med 8 røyster (H, FRP, V).

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at arbeidet med ein kommunedelplan for kollektivsystem mellom Bergen sentrum og Bergen vest startar opp.
 - Fylkeskommunen tilrår planprogrammet.
 - Fylkeskommunen ber om at nabokommunane i vest også blir trekt inn i analysar og planarbeidet.
 - Kommunedelplanarbeidet må i tidleg fase leggje vekt på å avklare behov for areal i sentrum til Bybanen, strekning Sentrum til Fyllingsdalen via Mindemyren.
 - Det må leggast vekt på potensiale for byutvikling i tilknyting til dei ulike korridorar.
 - Utgreiinga bør vurdere korleis landskap og kulturminne vert påverka, og i særleg grad gjeld dette Bergen sentrum.
2. Hordaland fylkeskommune legger vekt på kontinuerlig utbygging og støttar oppstart av reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen.
3. Planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen. Hordaland fylkeskommune støtter val av trase til Fyllingsdalen via Haukeland og Mindemyren, og er samd i silinga som er vist i planprogrammet.
Bybanen skal knyte Bergen saman og vere ein byutviklar, ikkje berre frakte menneske inn og ut av bykjernen. Den verkeleg store oppgåva som Bybanen må løysa, er korleis vi skal få dei som i framtida kjem til å jobba på Mindemyren, på Haukeland eller i Fana/Ytrebygda til å setje frå seg bilen og bruke kollektivtilbodet til jobb.
4. For delstrekning Nonneseter – Mindemyren ber vi om at følgjande vert vektlagt:
 - Funksjonen til Bergen busstasjon som nasjonalt knutepunkt.
 - Haukeland universitetssjukehus som målpunkt og bytepunkt
 - Jernbanen sitt areal langs delstrekninga
 - Senterutvikling.
 - Traséalternativa kan kome i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser på delstrekninga frå Fløen til Haukeland og planarbeidet må legge særleg vekt på utforminga av traséen.
5. For delstrekning Mindemyren – Fyllingsdalen ber vi om at følgjande vert vektlagt:
 - Kollektivterminal ved bydelssenteret må sikrast som kompakt bytepunkt mellom ulike transportmidde.
 - Planarbeidet må bygge opp under god senterutvikling og samkøyrast med pågande planarbeid for sentrale deler i Fyllingsdalen.
 - Det er viktig at det gode busstilbodet mellom sentrum og Fyllingsdalen blir oppretthalde når vi får bybane til Fyllingsdalen. Bybanen vil ikkje ta raskaste veg mellom sentrum og Oasen, men derimot knyte Bergen betre saman.
6. Det skal leggjast til rette for gode sykkeltraseer langs heile Bybaneruta. Dette kan vere med å nå målsettinga om minst 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020.

PS 5/15 Regional plan for areal- og transport på Haugalandet - vedtak om høyring

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional plan for areal- og transport for Haugalandet*. Høyringsperioden vert 1.februar til 20.mars 2015.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 22.01.2015

Vedtak

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional plan for areal- og transport for Haugalandet*. Høyringsperioden vert 1.februar til 20.mars 2015.

PS 6/15 Nordhordlandspakken AS - søknad om driftsmidlar for 2015

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr. 200 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet for 2015, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Pål Kårbø stilte spørsmål om habiliteten sin som styreleiar/dagleg leiar av Nordhordlandspakken AS.

Utvalet vedtok samrøystes at Kårbø var inhabil, og han gjekk ifrå under handsaminga av saka.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet løyver kr. 200 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet for 2015, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett.

PS 7/15 Handlingsprogram 2015-2018 Kollektivstrategi for Hordaland

Fylkesrådmannen legg med dette fram Handlingsprogram kollektiv 2015-18. Dette er det første handlingsprogrammet knytt til Kollektivstrategi for Hordaland, vedtatt i fylkestinget i juni sak 30/24 . Handlingsprogrammet viser prioriterte tiltak knytt til dei fire hovudtemaa i kollektivstrategien – betre tilbod, enkle reiser, effektive reiser og miljøvenleg drift.

Det er valt ut eit sett måleindikatorar som grunnlag for å måle om utviklinga går i rett retning i høve overordna mål om å ta veksten i persontrafikken i byområda og sikre mobilitet for innbyggjarane i fylket. Måleindikatorane er i stor grad samanfallande med det som er lagt til grunn i søknad om ny belønningsavtale 2015-2018, og det som vil vere felles indikatorsett for framtidig bymiljøavtale.

Rapportering på mål og resultat knytt til enkelttiltak vil bli gjort i samband med årleg rullering av handlingsprogrammet.

Det er positivt å få ei samla oversikt over fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet. Dette gjev betre moglegheit til å sjå samanhengen i innsatsen på tvers av eininger i fylkeskommunen, kommunar og statlege etatar, noko som er viktig for å få best mogleg effekt av tiltaka. Langsiktig planlegging og tydelege prioriteringar vil vere viktig for å få til den ønska utviklinga i kollektivsektoren framover.

Det er sett ambisiøse mål for kollektivtransporten, både i fylket og på nasjonalt nivå. Fylkesrådmannen ser ei klar utfordring i gapet mellom målsettingar og ressursar og kapasitet til å gjennomføre nødvendige tiltak. Tiltaka som her er prioritert vil ikkje vere tilstrekkelege for å nå dei overordna måla.

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2015-2018 for Kollektivstrategi for Hordaland.

Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.11.2014

Silja Ekeland Bjørkly sette fram forslag om å utsetja saka.

Røysting

Forslaget om å utsetja saka vart vedteke mot 1 røyst (Anne-Line Innvær).

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.11.2014

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett."

Røysting

Nilsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Atle Kvåle sette på vegne av A, SV, SP fram forslag om tillegg til innstillinga.

1. Som innstillinga
2. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkestinget ber SVV leggja fram plan for gjennomføring.
3. Fylkestinget ber administrasjonen leggja fram sak om kvifor ein ikkje nådde målet i belønningsordninga om redusert biltrafikk i Bergen med særleg vekt på korleis eit styrka kollektivtilbod kan sikra at måloppnåinga ikkje vert negativ framover.
4. Fylkestinget ber Bergen kommune om å vedta ein modell for prising av rushtidstrafikk som gjev ekstra inntekter til drift av kollektivtilboden for arbeidsreisande som vert prisa ut av vegen.
5. Reklamefinansiering av kollektivtransport skal ut av planen.
6. Ein omfattande plan for satsing på trolleybuss vert lagt fram så snart råd er.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Atle Kvåle sitt forslag til nye pkt 2-5 fekk 6 røyster (A, SV, SV, KRF) og fall.

Atle Kvåle sitt forslag til nye pkt 6 fekk 5 røyster (A, SV, SV) og fall.

Innstilling

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2015-2018 for Kollektivstrategi for Hordaland.
Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

PS 8/15 Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek å løyva kr. 100. 000,- som tilskott til prosjektgruppa for Stad skipstunnel. Løyvinga vert dekka innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2015.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek å løyva kr. 100. 000,- som tilskott til prosjektgruppa for Stad skipstunnel. Løyvinga vert dekka innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2015.

PS 9/15 Kontroll av driveplikta

Forslag avgjerd

Samferdselsutvalet tar saka til etterretning.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til avgjerd vart samrøystes vedteke.

Avgjerd

Samferdselsutvalet tar saka til etterretning.

PS 10/15 Nye ferjebanebod i Hordaland - strategiske vegval

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet viser til at ferjene våre vert å rekne som ein del av vegsystemet og spelar ei heilt avgjerande rolle i folks kvardag i Hordaland. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen arbeide for å auke dei statlege overføringane til ferjedrifta for dermed å sikre ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i Hordaland.
2. Fylkesutvalet har som målsetting at ferjeflåten i neste generasjon kontraktar vert fornya og at ferjedrifta skal bli meir driftssikker og miljøvennleg. Ein føreset at:
 - a) Ein fornyingsmodell vert lagt til grunn. Den må likevel tilpassast forventningar om statlege tilskot, utvikling i kostnadsnivå og teknologi.
 - b) Tilpassingar i rutetilbodet til trafikkgrunnlaget vert vurdert, spesielt i område med endringar i infrastrukturen.
3. Kontraktlengde skal vere på mellom 8 og 14 år, inkludert opsjonar.
4. Neste generasjon ferjekontraktar vert utforma som bruttokontraktar.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Renate Møgster Klepsvik og Atle Kvåle sette på vegne av utvalet fram fylgjande fellesframlegg

Endring punkt 2a) Ein miljømodell vert lagt til grunn, med krav om lågutslepp. Nullutsleppsteknologi vert førebudd.

5. Fylkesutvalet ber regjeringa starte eit prosjekt for miljøvenleg ferjeteknologi. Hordaland bør vera pilotfylke.

6. Fylkesutvalet føreset at det vert stilt krav om backup for framdriftsmotorar på samband der dette er særleg aktuelt ut i frå tryggleik og driftssikkerheit, og på samband der det ikkje er omkjøringshøve.

7. Fylkesutvalet ber om at alderskrava på ferjemateriellet vert gjennomgått med tanke på behov for generell fornying av ferjeflåten.

8. Fylkesutvalet føreset at det er vært stilt krav om universell utforming av materiellet, uavhengig av kryssingslengd.

9. Det må stillast krav til fylkessamband at dei skal ta imot lærlingar

10. Det vert forventa at staten bidrar med friske midlar til finansiering.

11. Fylkesutvalet ber om at arbeidsforhold og tryggleik for passasjerar og mannskap vert lagt vekt på.

12. Fylkesutvalet føreset at det vert gjeve løypemeldingar til SAMU og Fylkesutvalet underveis i arbeidet med utarbeiding av anbodsgrunnlag.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1, 3 og 4 var samrøystes vedteke.
Renate Møgster Klepsvik og Atle Kvåle sitt fellesforslag var samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet viser til at ferjene våre vert å rekne som ein del av vegsystemet og spelar ei heilt avgjerande rolle i folks kvardag i Hordaland. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen arbeide for å auke dei statlege overføringane til ferjedrifta for dermed å sikre ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i Hordaland.
2. Fylkesutvalet har som målsetting at ferjeflåten i neste generasjon kontraktar vert fornya og at ferjedrifta skal bli meir driftssikker og miljøvennleg. Ein føreset at:
 - a) Ein miljømodell vert lagt til grunn, med krav om lågutslepp. Nullutsleppsteknologi vert førebudd.
 - b) Tilpassingar i rutetilbodet til trafikkgrunnlaget vert vurdert, spesielt i område med endringar i infrastrukturen.
3. Kontraktlengde skal vere på mellom 8 og 14 år, inkludert opsjonar.
4. Neste generasjon ferjekontraktar vert utforma som bruttokontraktar.
5. Fylkesutvalet ber regjeringa starte eit prosjekt for miljøvenleg ferjeteknologi. Hordaland bør vera pilotfylke.
6. Fylkesutvalet føreset at det vert stilt krav om backup for framdriftsmotorar på samband der dette er særleg aktuelt ut i frå tryggleik og driftssikkerheit, og på samband der det ikkje er omkjøringshøve.
7. Fylkesutvalet ber om at alderskrava på ferjemateriellet vert gjennomgått med tanke på behov for generell fornying av ferjeflåten.

8. Fylkesutvalet føreset at det er vært stilt krav om universell utforming av materiellet, uavhengig av kryssingslengd.
9. Det må stillast krav til fylkessamband at dei skal ta imot lærlingar.
10. Det vert forventa at staten bidrar med friske midlar til finansiering.
11. Fylkesutvalet ber om at arbeidsforhold og tryggleik for passasjerar og mannskap vert lagt vekt på.
12. Fylkeutvalet føreset at det vert gjeve løypemeldingar til Samu og Fuv underveis i arbeidet med utarbeiding av anbodsgrunnlag.

PS 11/15 Endring av transportvedtekter

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til føreslårte endringar i transportvedtekter, og ber fylkesrådmannen førebu og sende søknad til Samferdselsdepartementet om gjennomføring av desse endringane.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til føreslårte endringar i transportvedtekter, og ber fylkesrådmannen førebu og sende søknad til Samferdselsdepartementet om gjennomføring av desse endringane.

PS 12/15 Fv 550 Kråkevik - Syreflot - ferdigstilling av planarbeid

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet går inn for at reguleringsplanarbeidet i regi av Statens vegvesen med foreslått løysing ikkje vert fullført. Det vert dermed ikkje gjennomført arkeologiske utgravingar på Fv 550 Kråkevik – Syreflot.
2. Det vert vurdert mindre utbetrinigar av delstrekninga i samråd med Ullensvang herad.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.11.2014

Jostein Ljones sette på vegner av Sp og A fram slikt forslag:

1. "Fylkesutvalet går inn for at reguleringsarbeidet i regi av Statens vegvesen vert fullført. Det vert løyvd 100.000 kr til gjennomføring av arkeologiske utgravingar på Fv 550 Kråkevik-Syreflot."
2. Det vert gjennomført nødvendige utbetrinigar på delstrekninga."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 9 røyster mot 6 røyster (SP, SV, A) for Ljones sitt forslag.

Vedtak

1. Fylkesutvalet går inn for at reguleringsplanarbeidet i regi av Statens vegvesen med foreslått løysing ikkje vert fullført. Det vert dermed ikkje gjennomført arkeologiske utgravingar på Fv 550 Kråkevik – Syreflot.
2. Det vert vurdert mindre utbetrinigar av delstrekninga i samråd med Ullensvang herad.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Fylkesrådmannen trekte saka ettersom den alt har vore handsama i fylkesutvalet.

PS 13/15 Ymse

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

ORIENTERINGAR

Nytt frå Skyss

Målfrid Vik Sørstabø orienterte om følgjande saker:

- Nye takstar frå 1. februar.
- Justering av rutetilbodet til Bybanen. Pga at alle vognene skal klargjerast for nytt signal- og telesystem vil ei vogn vera ute av drift fram til oktober.
- Sals- og markedsplan for 2015
 - markedsføre enklare reisemåte i kvardegen
 - markedsføre enklare kjøp og bruk av billettar
 - jobbe med å forbetra sjølve reiseopplevelinga
 - jobbe vidare med skilting og andre tiltak for å gjere kollektivtrafikken meir synleg
 - fortsette arbeidet med å heve kvaliteten på knutepunkt og holdeplassar
 - iverksette tiltak for å sikre inntektene, blant anna ved å gjennomføre fleire storkontrollar.

Orientering om status for driftskontrakten for Hardanger/Voss v/Olav Finne

Oppstart ny kontrakt Voss/Hardanger var 1. september 2015

Hovedentrepreneur må ta minst 25% av arbeidet og resten kan setjast ut til underentrepreneurar. Dei fleste underentrepreneurar er nye.

Drifta i samband med flaumen i haust gjekk bra.

Store snøfall i indre strok har gjeve uvanleg mykje snø for årstida.

Mange fylkesveger i indre strok har hatt problem med snøryddinga, men få fylkesvegar har vore stengde. Unntaket er Nesheimsfjellet som vart stengt inntil vidare pga store snømengder i samband med «Nina» og rasfare.

Det har kome særsla mange klager på manglande og mangelfull brøyting, særleg på Fv7 Norheimsund-Samnanger og Fv 137.

I dei nye kontraktane er krava til vinterdrift skjerpa. Krav til syklistid som inneber at brøyting skal startast når det byrjar å snøa. Skal ha brøyta heile vegarealet innan 2, 2,5 og 3 timer etter type veg.

Størst utfordringar med brøyting til rett tid i deler av Kvam og Samnanger.

Det vert teke stikkprøvekontroller og halde møte med entrepreneur. Målingane kan gje grunnlag for å trekka i kompensasjonen.

SVV føreset at det etter kvart vil gå betre med brøytinga når meir/rett utstyr er på plass og urøynde brøytarar får ein viss rutine.

Ein arbeidar no med å senke høgda på brøytekantar og sideareal og frese bort snø for å få plass til å brøyte bort snø frå vegen ved neste snøfall.

Hovedentrepreneur skal dokumentera ovanfor SVV kva utstyr og kompetanse ein rår over.

Avvik frå krava som stilte i kontraktene, skal meldast inn i kvalitetssystemet til entrepreneuren.

Orienteringa vart etterfylgt av kritiske spørsmål og innspel frå utvalet.

Ymse

Tom Skauge stilte følgjande spørsmål.

1. Vegplanar i Hordaland.

Det er stor aktivitet for å fremja nye planar om veg i Hordaland.

Kan administrasjonen lage eit samla oversyn over planar om veg og bane som er fremja av statlige, kommunale aktørar eller lobbyselskap med prisanslag?

2. Trafikkulykker i Hordaland med tragisk utfall

Sidan 2005 har Ulykkesanalysegruppene (UAG) i Statens vegvesen granska alle dødsulykker på norske vegar for å finne årsakene til ulykkene. Ulykkesrapportane har vore unntakte offentligheit. VG har visst at rapportane i ni år også har vore hemmeleghalde for etterlatte, politi og domstol.

- Fra 2005 til 2012 var det 1548 dødsulykker i Norge. I kvar fjerde ulykke var vegforholda på ulykkesstaden ein medverkande faktor til ulykka, konkluderer vegekspertane.
- I 14 av ulykkene var vegforholda ein avgjeraende faktor for at 15 menneske miste livet, og i 166 av ulykkene var vegen av stor betydning.
- Vg skriv at Norges fremste ekspertar på erstatningsrett meiner vegmyndighetene kan ha unndratt seg erstatningsansvar gjennom å hemmeleghalde rapportane.

1. Er det rett lesing at VG sine tabellar at 17 menneske døydde i trafikken i Hordaland i ulykker der vegforholdane var av stor betydning? (Min Excel-fil basert på <http://www.vg.no/spesial/2014/trafikkulykkene/> er lagt ved.)
 2. Vil SAMU få ei samla framstilling av funna i rapportane som no er offentlege?
 3. Er det grunn til å sjå på om Fylkeskommunen sine rapportar og planarbeid bør leggja større vekt på trekk ved veg i tillegg til vær, førarfeil og forhold knytt til kjøretøy?
- 3) Trafikkveksten på Flesland Flyplass og Rullebane 2.

Naturvernforbundet varsla alt i 2011: Utsleppsveksten frå flytrafikken vil utligne alle tiltak som skal redusera klimautsleppa i Bergen kommune

Med utgangspunkt i Avinors eigne tal, reknar Naturvernforbundet med at det planlagte terminalbygget på Flesland oppnår sin toppkapasitet på 10 millioner passasjerar i år 2023. Bergen Kommune sin energi- og klimahandlingsplan tilseier at dei samla klimautsleppa i kommunen må vera redusert med 0,3 millioner tonn CO2 frå 2011 til 2023.

Veksten i utsleppa frå fly som går til og frå Bergen Lufthamn i det same tidsrommet har Naturvernforbundet rekna til 0,3 mill. tonn CO2.

Alle planlagte kutt i Bergen sitt øvrige klimautslepp blir altså viska ut av den formidable utsleppsauken som dobla kapasit på Flesland skapar! Om ein i tillegg tek med den ekstra skadeeffekten som oppstår ved flygning i høge luftlag, vil utsleppstala frå flya bli nesten dobbelt så høge.

Når vil Fylkestinget få ei samla sak om transport og klima knytt til planane for Flesland Flyplass?

Josten Ljones stilte følgjande spørsmål

Bybanen - driftsstogg

Eg registerer i media i dag 20/1 -15 at ei bybanevogn fekk problem med framdrifta/ straumtilkoblinga på Wergeland stasjon i dag. Av media går det fram at passasjerene på bybanevognen "hjelpte vogna i gang i gjenn" med å skubba vogna. Slik det framgår av saka takkar sikkerheitsjefen i Nobina passasjerane for hjelpe. Eg reagerer på måten dette vart gjort på, passasjerer kan umulig ha noko i sporet å gjera i ein slik situasjon, når det ikkje er snakk om ei evakuering av vogna, og trafikken ikkje er stoppa i begge retningar. Faren for ei ulukke med alvorlege konsekvensar må ha vore stor.

Er dette i tråd med gjeldande tryggleikskrav og HMS reglement for drift av Bybanen?

Om ikkje dette er i tråd med regelverket kva vil HFK iverksette for at slike situasjoner ikkje oppstår i framtida?

Istandsetjing av Bru bru

Ljones etterlyste status for dette prosjektet.

Ein kjem attende med skriftleg svar på spørsmåla.

Atle Kvåle stilte fylgjande spørsmål

Farleg last.

Ifølge pålitelege kjelder er regelverket for farleg last skjerpa inn i seinare tid. Dette medfører at når f.eks tankbilar med gass skal vera med ferjene få det konsekvens for kor mange passasjerer og andre bilar som kan vera med same ferja. Dette er til sterk ulempe for både næringslivstransport og ordinære passasjerar.

Kan det oppfordrast til at denne type transport (farleg last) nyttar omkjøringsvegen der det er mogeleg eller at transporten føregår på tider av døgnet der det er minst mogleg til ulempe for andre?

Kollektivtilbod Sædalens

Kollektivtilboden i Sædalen er eit tilbakevendende problem. Er rimelig trygg på at ei forbedring av tilboden her vil føra til ein auke i sal av månedskort.

Er det mogeleg å leggja opp bussrutene frå Sædalen slik at ein er sikker på at ein korresponderande buss er på plass på Birkelundstoppen dersom ein ikkje kan iverksetja direkteavgang?

Ein kjem attende med skriftleg svar på spørsmåla.

Øyvind Hardeland stilte fylgjande spørsmål

Korleis er planane framover for Furubergbrua i Kvinnherad?

Olav Finne opplyste at det ligg føre forslag til reguleringsplan. Planen går ut på å landa ny bru på dagens veg. Dette vil medføra stenging i 5 mnd og Kvinnherad kommune har ikkje akseptert dette. Ein arbeidar no for å finna løysingar som kan korta ned stengetida.

Pål Kårbø stilte fylgjande spørsmål.

Eg har tidlegare spurde om trafikksikringstiltak i Slettestølvegen i Åsane. (1 km veg på Toppe i Åsane, mellom Salhusvegen og Morvikvegen).

Kva er status på dette, og kor tid skjer det noko ?

Olav Finne opplyste at tiltaka på Fv240 (TS-tiltak og kollektivtiltak) er ferdig prosjektert, og vil bli sett i gang før sommaren og skal vera ferdigstilt innan november 2015.

Pål Kårbø varsla at han ville ta opp ei sak om ferjetilboden til Austevoll.

Renate Møgster Klepsvik, ordførar i Austevoll, stilte då spørsmål til sin habilitet.

Utvalet fann Klepsvik habil.

Kårbø tok deretter opp saka.

Som kjent er Austevoll ein næringsrik kommune, som er heilt avhengig av ferja til og frå Krokeide. Nok ein gong ser vi at Austevollsfunnet vert råka av ferjetrøbbel.

<http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Ferge-med-48-passasjerer-fikk-motortrobbel-3274154.html>

KrF tok opp denne saka i ein interpellasjon på Fylkestinget sitt møte i mars 2014, der fekk vi fylkestinget med på følgjande samråystes vedtak:

Vedtak

Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak der ein vurderer ulike strategiar for å optimalisera ferjebanboda med omsyn til kostnad og kvalitet.

Hyppigheitens av driftsproblem tilseier at ferjemateriellet ikkje held tilfredstilande kvalitet, og Austevollsfunnet kan difor ikkje venta til ny anbodsperiode for ferjene trer i kraft.

Hordaland KrF ønskjer vite kva tiltak fylkeskommunen kan setja inn for å sikra ei umiddelbar betring på dette sambandet, og kva dette kostar?

I tilknytning til dette tok **Øyvind Hardeland** opp at det og er problem med regulariteten til Varaldsøy.

Oversendingsforslag

SAMU bed fylkesrådmannen til neste møte leggja fram ei sak om strakstiltak for betring av ferjetilboden til og frå Austevoll og Varaldsøy.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Einar Lutro stilte fylgjande spørsmål

Habilitet i samband med høyringar

Når aust/vest-utgreiinga kjem på fylkeskommunal høying,- vil då medlemmar som sit i fylkeskommunale utval og som har verv i interesseorganisasjonar vera habile til å handsama saka.

Ein kjem attende med skriftleg svar.

Eli Berland tok opp fylgjande sak.

Det føreligg ikkje underteikna avtale med Thon Eigedom om leige av areal til bussterminal og tilhøyrande innfartsparkeringsplassar på Straume. Berland ba om at det vert rydda opp i dette.

Flytting av utvalet sitt april-møte

Det oppsette møte i 14.-15. april kolliderar med den nasjonale trafikktryggleikskonferanse 13.-14. april. Fleire av utvalet sine medlemmar vil ta del der. Det vart teke opp om møte i utvalet kan flyttast.